
Emne: SFO kutt / Uteområde

Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

Sendt: 30.11.2023 18.58.04

Fra: Victoria Rinde <vr.foto@outlook.com>

Hei. Som leiar i FAU Hjørungavpg, har eg fått mange tilbakemeldingar når det gjeld SFO kutt.

Kvar skal ungene være, når sfo stenge kl 15.30 og foreldra er på jobb kanskje enda til samfunnskritiske jobbar? Eller startar på jobb før skulen startar?! Skal vi sende dei små 1.klassingane ned på hovudveien uten gongfelt og generelt dårlig trafikksikring, ved ein dårlig belyst skule, med tungtrafikk fartande fram og tilbake? Monge har ikkje familie som kan stille med å køyre/hente på sfo og være barnepass fram til endt arbeidsdag. Korleis løyse enn den kabalen? Kutte i arbeidsprosent? = Mindre skatte kroner til kommunen, og folk får enda dårligare råd...

Korleis skal ellers samfunnet gå opp? Ein 1.klassing er ikkje stor nokk, til å bli sendt heim åleine. Skjøna ikkje heilt korleis dette skal gå opp.

Skal vi ha eit veksande Hareid, kan vi ikkje redusere i kristiske tilbod som SFO, kvifor skal då folk busette seg i Hareid, om enn må redusere arbeidstida si og få mindre betalt? Skal enn ha ei veksande kommune, og økte skatteinntekter, må ein legge til rette for det.

Samt Uteområde Hjørungavåg, men dette har eg sendt mail til Bernt om.

Vi kan ikkje ha holdt bygda, elevar og tilsette for narr i 2 år, og i allefall no når Hjørungavåg skal til med 8.rektorskiftet på 5 år, då trengst det positivitet! Ikkje meir kutt på Hjørungavåg. Miljøet på skulen treng det sårt, og ungene/ungdommen treng ein plass å være også, som kan by på trivsel.

Mvh

Victoria Rinde
FAU Hjørungavåg.